



**Breheimen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 10
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

DNT Gudbrandsdalen
v/ Anita Haugen
Skamsarvegen 13
2690 SKJÅK

Saksbehandlar Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2022/5802-3
PRIMÆRKLASSERING

Dykkar ref.

Dato 07.06.2022

Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Utplassering av turpostar - DNT Gudbrandsdalen v/ Anita Haugen

Vedtak

I samsvar med delegasjonsfullmakt frå Breheimen nasjonalparkstyre gjev nasjonalparkforvaltaren DNT Gudbrandsdalen v/ Anita Haugen løyve til utplassering av følgjande 4 turpostar i Breheimen nasjonalpark:

- Ved nasjonalparkgrensa på Smithbu-sida (61.8316 N 08.5110 Ø)
- Lomseggen 1289 m.o.h. (61.8357 N 08.5131 Ø)
- Eggjapiken 1524 m.o.h. (61.8358 N 08.5138 Ø)
- Ved nasjonalparkgrensa på sida mot Lom sentrum (61.8396 N 08.5311 Ø)

Vedtaket er fatta med heimel i § 3 pkt. 1.3 d og pkt. 5.2 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet:

- Turpostane kan stå ute og bli marknadsført i perioden 1. juni – 31. oktober 2022.
- Turpostane skal setjast opp der det er fast mark slik at det blir minst mogleg slitasje på terrenget der postane står.
- Turpostane må takast ned når sesongen er over og frakast ut av verneområdet.
- Nasjonalparkstyret kan be om at merkinga og postane blir fjerna dersom ein ser at tiltaket påverkar verneformålet negativt.
- Talet på registrerte besøk på turpostane skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar innan 31.12.2022.

Nasjonalpark Breheimen
Naturreservat Høyrokampen
Landskapsvernområde Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

Dokument i saka

- Søknad frå DNT Gudbrandsdalen v/ Anita Haugen, datert 19. mai 2022.

Saksopplysningar

Søknaden

Søknaden er attgjeven nedanfor:

DNT Gudbrandsdalen er godt i gang med å planlegge stolpejakt i Lom. Dette er nasjonal turorientering der vi sett ut stolpar som folk kan besøke og scanne ei QRkode. Plan er å setja ut 47 stolpar rundt Lom sentrum i midten av juni og rydde dei inn i oktober.

Vi har ynskje om å setja opp stolpar på Lomseggen. Dette vil da bli innanfor nasjonalparkgrensa. Er dette noko som kan la seg gjera, og korleis søker vi eventuelt om dette?

Stolpane det er prat om er:

- Ved nasjonalparkgrensa på Smittbu-sida (61.8316 grader nord 08.5110 grader øst)
- Lomseggen 1289 moh (61.8357 grader nord 08.5131 grader øst)
- Eggjapiken 1524 moh (61.8358 grader nord 08.5138 grader øst)
- Ved nasjonalparkgrensa på Lomssida (61.8396 grader nord 08.5311 grader øst)

Denne turorienteringa er planlagt berre for 2022. Dersom vi også skal ha stolpejakt neste år, vil ein del av stolpepubkta bli nye og kanskje nokre punkt brukt opp at.

*Stolpane som er 2*2 tommer vil bli rydda inn i oktober. Stolpane ligg langs eksisterande stig og på punkt som er vanlege turmål.*



Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I medhald av styresak 7/2016 og styresak 2/2020 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort vedtak om å delegere behandling av enkelte saker til nasjonalparkforvaltaren. Dette er gjort med heimel i nasjonalparkstyrets vedtekter. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Breheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker som gjeld søknad om løyve etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmingar, samt kurante saker etter naturmangfaldlova § 48 for verneområda i Breheimen.

Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er oppsetting av skilt og merking av stigar forbode i nasjonalparken (§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark), med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til m.a.:

- *Oppsetting av skilt og merking av nye stiar og skiløyper i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplanen jf. § 5. (§ 3 pkt. 1,3 bokstav d i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).*

Forvaltningsmyndigheita skal også vurdere om organisert ferdsle kan vere skadeleg for naturmiljøet, jf. verneforskrifta: *Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande* (§ 3 pkt. 5.2 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står det m.a. dette om denne type organisert ferdsel:



Ved vurdering av søknad om løyve i verneområda skal det leggjast stor vekt på om aktiviteten medfører fare for slitasje og skade på verneverdiar. Det kan setjast naudsynte vilkår for eventuelt løyve.

Arrangement som bringar folk ut i naturen kan vere positivt for folkehelsa og folk si forståing for verdien av natur. Nasjonalparkstyret vil vere open for at det kan gjennomførast arrangement som er i tråd med eller fremjar verneføremålet (t.d. friluftsliv og kulturlandskap) så lenge dei ikkje kjem i strid med verneverdiar.

Søknadspliktig organisert ferdsel som kan vere i strid med verneføremålet skal leggjast utanfor verneområda.

Dersom eit arrangement like gjerne kan leggjast utanfor verneområda, vil det ikkje bli gjeve løyve til slike arrangement som krev løyve.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Tiltaket gjeld organisert ferdsel der turpostane er annonsert i lokalavisa, Facebook og liknande. Turpostorientering har stor oppslutning i Lom kommune og tiltaket er heilt klart positivt i eit folkehelseperspektiv.


Utgangspunktet er at all ferdsel til fots, også organisert ferdsel, er tillate i verneområda. I nasjonalparken er det likevel mogleg å regulere ferdsel som kan skade naturmiljøet. Bakgrunnen for denne regelen er at ferdsel i nokre tilfelle kan medføre stor slitasje eller at det kan forstyrre villrein og anna dyreliv, rovfugl og andre fugleartar som er sårbare for forstyrring i hekketida.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Ein del av desse blir følgd opp av lokalt personell frå Statens naturoppsyn i Breheimen.

For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille vilkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve. Alternativt vil ein søknad kanskje bli avslege eller at tiltaket må gjennomførast ein annan plass.



DNT Gudbrandsdalen sine turmål innanfor Breheimen nasjonalpark ligg i tilknytning til stignettet som går frå Lom sentrum og opp til Lomseggen. Plasseringa av dei ulike postane er diskutert med Statens naturoppsyn i Breheimen, villreinutvalg og villreinnemnd. Ut frå kjennskapen til villreinens arealbruk vil ikkje turpostane koma i nemneverdig konflikt med villreinen. Det er heller ikkje registrert andre verdiar som vil bli nemneverdig negativt påverka i den perioden postane skal stå ute (§ 8).



Oversikt over plassering av turpostane.

Ut frå noverande vurdering meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er aktuelt å ta i bruk føre-var-prinsippet i denne saka dersom vilkåra i saka blir følgt (§ 9). Turmåla bør variere frå år til år slik at slitasje på stigar til turmåla vert reduserte. Med bakgrunn i at tiltaket er av avgrensa omfang er den totale belastninga liten. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, blir ikkje desse vurdert i denne samanhengen (§§ 10-12).

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at tiltaket kan gjennomførast med dei vilkåra som er satt i tilknytning til løyvet.

Med helsing

Stein Magne Grevrusten
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Kopi går til:
Statsforvalteren i Innlandet
Miljødirektoratet
Lom kommune
Lomseggen sameige SA v/ Kjell Brandsar
Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard